

| SKJERMEN VISER:                                                                     | I TIMEN:                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                    |
|-------------------------------------------------------------------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
|    | <p>Introduser temaet før de ser filmen. Mangfald er eit rart ord – kva betyr det?<br/> Har vi mangfald i vår klasse?<br/> Kor mange måtar er vi ulike på her skal tru?</p> <p><a href="#">Sjå Vi er ulike - og det er bra! - YouTube</a> Denne kan gå litt fort for dei minste. De kan velje å dele den opp og sjå den i mindre brøkar og pause og prate om det de såg.</p> |
|    | <p><b>Sjå bilde frå filmen og snakk saman:</b></p> <p>La elevane komme med eksempel på alt vi kan vere ulike med</p>                                                                                                                                                                                                                                                        |
|    | <p>Her har alle jenter tatt på rosa og gutane blå. Kvifor har dei det?<br/> Er dei redd for at ingen vil like dei om dei ikkje er like dei andre?<br/> Kva synes de er viktig: at alle har på seg det dei sjølv likar eller at alle har på det som nokon synes er finast?</p>                                                                                               |
|    | <p>Kva skjer her?<br/> Kva ord trur de barna her brukar?<br/> Kva anna gjer dei som blir vondt for jenta?<br/> Peik eventuelt på ein av barna på bildet og sei at denne eleven sa ingen stygge ord, men er likevel med på å såre jenta. Kva kunne eleven sagt for å hjelpe jenta?</p>                                                                                       |
|  | <p>Sjå kor glade alle er her, og alle får ha på seg det dei sjølv likar. Kva ord trur de desse barna brukar til kvarandre?<br/> Kva ord brukar dei ikkje?<br/> Kva gjer dei med blikka sine og kroppsspråket sitt?<br/> Er vi flinke til å bruke gode ord og snille blikk?</p>                                                                                              |

## Leik – Finn nokon som


Lærar seier: «Finn nokon som likar ananas på pizza!» og så skal elevane gå roleg rundt i rommet og spørje kvarandre om dei likar ananas på pizza heilt til dei har funnet nokon. Då stiller dei seg opp og står stille saman med denne. Den som likar ananas på pizza treng ikkje finne nokon andre å stå med. Og mange kan stå med den same eleven. Vis gjerne til elevane korleis dei skal gjere det før de startar.

Fleire elevar dei kan finne:

Finn nokon som...

- Likar å leike ute sjølv om det plaskregna
- Likar å springe veldig fort
- Likar å synge høgt
- Likar teikneseriar
- Likar å gå barføtt om sommaren
- Likar å sparke fotball
- Likar å bygge snømann
- Likar graut
- Likar kattar

Eller finn på andre ting sjølv. Det bør ikkje vere ting som er flaut eller privat. Poenget er berre å få fram kor ulike de er i klassa.

|                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                    |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                |
|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
|                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                   | <p><b>Like eller ulike - kva er best?</b></p> <p>Sjå på bilda av fargeblyantane:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kva er bra med å ha mange fargar?</li> <li>• Kva er bra med mange som er like?</li> <li>• Kva kan ein teikne når ein har så mange fargar?</li> <li>• Korleis blir teikninga om ein berre har ein eller to fargar?</li> <li>• Om vi samanliknar klassa vår med fargeblyantar – er det best om alle er nesten heilt like eller om vi er forskjellige?</li> </ul>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                   |
|                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                   | <p><b>Vi er som eit fint puslespel!</b></p> <p>No skal vi teikne på puslespel-brikke. Du skal fylle di puslespel-brikke slik at den viser noko om kven du er. Du kan teikne deg sjølv, fargelegge den i mønster eller fargar som du likar godt, teikne ting du likar å halde på med, eller kva som helst som viser deg at denne brikka er din.</p> <p>Etterpå skal vi sette dei saman til eit puslespel som viser at sjølv om vi er ulike – så passar vi godt saman!</p> <p>Del ut brikke som elevane får teikne på (sjå vedlegg)</p> <p>Lag puslespelbrikkene til ein plakat som kan henge på klasserommet.</p> <p>Sjå gjerne filmen ein gong til ein annan dag og la elevane kome og vise brikka si på puslespel-plakaten og fortelje litt om kva som er typisk dei med denne brikka. Legg vekt på å få fram at alle passar inn i mangfaldet sjølv om brikkene er ulike.</p> |
| <p>Nedst på sida ligg ei boks med mange ulike songar om mangfald. Desse kan de gjerne synge og danse til.</p> <p>Dersom de har elevar frå ulike land i klassa er det fint å bruke mangfald-temaet til å lære litt om landa som er representert i klassa. Lære å seie hei på mange språk, få sjå noko frå ulike land, eller bruke just dance songar frå ulike land.</p> <p>Berre husk å sjekke om elevane det gjeld har lyst til dette, slik at dei ikkje føler det er noko dei må.</p> <p>Bruk gjerne også <a href="#">Mine sanser / 1.-4. trinn / Jeg vet</a></p> |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                |